



Ja til 6-timarsdag



Arbeidsdagen er for lang!

Ein tredel av yrkesaktive kvinner arbeider deltid.

Mange fordi jobben er for tung, andre fordi det er mest lønnsamt for ein del arbeidsgivarar å ha mange deltidsstillingar istadenfor færre heiltidsstillingar.

Kvinner tener mindre enn menn og får mindre pensjon enn menn.

Kvinner har mindre pengar enn menn – anten vi er yrkesaktive, trygda eller pensjonistar.

6-timarsdag vil gi fleire kvinner høve til å jobba full tid.

6-timarsdag er ingen garanti for meir likestilling, verken på jobben eller i heimen, men kortare og likare arbeidstid gir betre vilkår for likare fordeling av ansvar, pengar og arbeid i heimen – der det er to til å dela.

6-timarsdag med full lønnskompensasjon kan gi kvinner og menn meir fri tid – tid til fritidsaktivitetar som deltaking i lokalmiljøet, kultur, idrett og politikk. Og tid til å gjera ingenting.

Raudt står på for 6-timarsdagen!

I budsjettforhandlingar har Raudt fått vedtatt at det skal setjast i gang eit toårig pilotprosjekt med 6-timarsdag med full lønnskompensasjon i ein barnehage i Bydel Sagene i løpet av 2023.

Bydelen meiner at gode argument for 6-timers dagen er auka trivsel og betring av det psykososiale arbeidsmiljøet, jobbmotivasjon og arbeidsglede, utsett pensjonering og styrking av kommunens mål om ein inkluderande arbeidsplass.

Målbare resultat for helse og pensjonering vil ikkje komma etter berre 2 år. Raudt arbeider derfor for at 6-timarsdag skal bli normalen.

Lokale pilotprosjekt står ikkje i motsetnad til ein stegvis reduksjon av normalarbeidsdagen gjennom tariffoppgjera, slik store delar av fagrørsla lenge har ønska.

STEM RAUDT!

VIS AT VI ER MANGE SOM VENTAR PÅ 6-TIMARSDAGEN!

www.pdf-arkivet.no (2023)

